

Sentrumsplanen i Fitjar

FITJAR KOMMUNE	
Saksnr	2022/155
10 Mar 22	
Journaln:	2695/2022
Saksh:	A:

Merknader til Sentrumsplanen frå Johannes Nesse og Geirmund Engevik.

Utan at me er part i saka, tilet me oss å kommentera den delen av planen som ligg i strandlina ved elveosen. Det er synt ei toetasjes sjøbu ute på ei sjøfylling.

Grunnen til vår kommentar heng saman med vår interesse for kystkultur, og arbeidet med å etablere Stiftinga Seladon.

For oss er det meir naturleg å plassera to einetasjes naust inne i bukta ved foten av sjøfyllinga. Den låge og smålåtne byggestilen er historisk meir korrekt ved Fitjarsjøen, og tek mindre utsikt frå områda bak.

Det eine naustet kunne vore eit uisolert grindabygg med plass for lagring av 3 båtar (derav ein notbåt) Grunnflata måtte då vore ca 16x7 m. Vidare hadde det vore ideelt med ei stø og lunnar for opphal slik at båtane kunne brukast utan masse styr. Det perfekte og historisk rette ville i tillegg vore ei lita vorr langs støa.

Det andre naustet skulle vore isolert med vindauge slik at det høvde til både lagring og opphald. Me ser for oss praktiske aktivitetar knytt til kystkulturen vår, møter og kurs samt starthamn for padling og jollesegling osv.

Rundt bygga kan arealet vera mest mogeleg urørt og i bruk til bading og friluftsliv.

Sjøfyllinga kan ha sin verdi om den heilt ute vert avslutta med ein liten trekai. Skal skuter som Seladon få plass der, må det kallast sommarhamn, og minste djupne må vera 3 m. Ein slik pir kan også lagast av tre på eit enkelt peilesystem.

Vidare er det naturleg å minna om at slike anlegg treng vatn, avlaup og straum.

Me er svært glade for at tankane om oppgradering av strandsona er tema, og ser fram til eit tenleg resultat.

Fitjar 9/3 22

Mvh

Johannes og Geirmund